
Fra: Nils Stene <nmstene@online.no>
Sendt: søndag 23. juni 2019 13:05
Til: Postmottak Lindås
Emne: Sak 2014/5177
Vedlegg: Lonena i kulturhistorisk synsfelt.docx

Sender vedlagt lesarbrev nr. 2 frå underteikna til Strilen. Bes vedlagd sak nr. 2014/5177.

Mvh

Nils M. Stene

Litlevika 25

5914 Isdalstø

Lonena – også sett i kulturhistorisk samanheng

Ordvekslinga i bygda vår dei seinaste dagane har gått mykje på kva som skal skje med Lonena sett i frå natur, miljø, dyreliv og framtida for den oppveksande slekta si side. Eg trur at ein også må henta fram eit anna synsfelt: Det kulturhistoriske, ikkje minst sett frå skulebruken her i bygdene Isdal og Gjervik.

Viss ein ikkje tek med seg si næraste og eldre historie, kan ein heller ikkje vera med å skapa ein framtid. Framtida må byggja på historia, elles vert ein historielaus. Eit slikt samfunn vert tomt, innhaldslaust og lite interessant.

Gamleskulen er eit velkjent og ofte brukt ord blant Knarvikingane og andre brukarar av området kringom Lonena og Indregardsfjellet. Dei fleste veit også kor Gamleskulen låg, men i dag er det berre tuftene som er å sjå på staden. Då denne skulen bevisst vart brent ned for at ikkje nokon skulle skade seg av di tak og trappar vart meir og meir øydelagde, miste Lindås kommune kanskje eit av dei fremste kulturhistoriske minnesmerka i kommunen. Kommunen viste ikkje leiarskap og fekk ikkje til ei løysning på eigarforhold med vidare, slik at framtidige generasjonar kunne få oppleva dette unike skulesamspelet mellom bygdene Isdal og Gjervik.

I skog og mark kringom Gamleskulen er det enno enkelt å finne att spora etter denne skuletida. Stiar, restar av portar osb. er synlege fleire plassar. Me som går tur i området, trakkar kvar dag på skulehistorisk grunn. Eg veit at Lindås kommune ikkje har noko direkte ynskje om at spora etter Gamleskulen skal forsvinna for alltid, men eg ser diverre ein del teikn som ikkje er av det gode slaget.

Planlegginga av ei vidare utbygging av Lonena, er eit av signala. Sjølv om det skal vera ei såkalla avgrensa utbygging, er loddet kasta når ein først går i gang. Tek du den, så tek du den, og ein dag, ikkje i vår generasjon, men om 50 – 100 år, så er alle synlege teikn på gamal skulepraksis borte.

Over tid skjer alt i små bolkar, til slutt har ein gløymt kva som var det opphavelige. Historia er forsvunnen. Då er det for seint å gråta tårer og skulde på gamle og feile vedtak.

Det er mitt håp at området kring Lonena og Gamleskulen ses i samanheng og blir verna som eit kulturhistorisk område av høg verdi for heile samfunnet vårt. Eit slikt vedtak vil bli huska og ikkje minst kven som sat i heradsstyret den gongen. Det var framsynte kvinner og menn!